



Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 30.08.2024
Vår ref: 24/02852-4
Deres ref: 201913014-31 og
202320330-4

Fråsegn til høyring av revisjonsdokument for Røldal-Suldal-reguleringa i Ullensvang og Suldal kommunar, og søknad om konsesjon til bygging av fem nye kraftverk i dei same vassdraga

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 23. april 2024.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i konsesjonssaker etter vassdragsreguleringslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

Om saka

Konsesjonsvilkåra for reguleringa av Røldal-Suldalsvassdraget skal reviderast. Det er utarbeidd eit revisjonsdokument som omtalar reguleringane, og vurderer dei ulempene ein er kjent med. I tillegg er det søkt om konsesjon til å bygge og drive pumpekraftverka Røldal 2 og Novle 2 i vestre vassdrag, og pumpekraftverket Kvanndal 2 og kraftverka Suldal 2B og Nordmork i østre vassdrag. Kraftverka vil utnytte dei same reguleringsmagasina som eksisterande kraftverk.

Det er gjennomført konsekvensutgreiing av tema landskap, naturmiljø, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, fisk og ferskvassøkologi, vassmiljø, naturressursar og villrein.

Fråsegn frå DMF

For kraftverket Suldal 2B vil deponi for tunnelmassar og transformatorstasjon på Håmo røre ved sand- og grusførekomsten Roaldkvam¹. Noregs geologiske undersøking (NGU) har vurdert førekomsten til å ha lokal betyding som byggeråstoff og trekk fram brelvtterrassen ved Håmo som aktuell for uttak av massar. Ifølgje konsekvensutgreiing

¹ Faktaark for lausmasseområde Roaldkvam (NGU):

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=104068



i fagrapport naturressursar vil deponering av massar og bygging av ny stasjon ikkje vere til hinder for eit framtidig uttak av førekomsten.

I konsesjonssøknaden er det skissert korleis mest mogleg av overskotsmassane knytte til utbygginga i vestre vassdrag kan brukast til samfunnsnyttige føremål som utfylling av friområde ved Røldalsvatnet og bygging av ny E134 Vågslid – Seljestad. Det kjem ikkje fram i søknaden om det er gjort tilsvarande vurderingar for overskotsmassar frå prosjekta i østre vassdrag. Det totale deponivolumet for østre vassdrag er anslått til ca. 410 000 m³ ved Havrevatnet, 380 000 m³ ved Tverrdalen, ca. 200 000 m³ ved Kvanndalsfoss og 430 000 m³ ved Håmo. DMF oppmodar til at det blir undersøkt om overskotsmassane kan vere eigna til meir samfunnsnyttige føremål framfor permanent deponering. Eventuelt bør massane bli plassert på ein måte som gjer at dei kan bli nyttiggjort seinare, dersom det er mogleg.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Lars Libach
seniorrådgjevar

Henning Sigstad
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Mottakarar:

Norges vassdrags- og
energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kopi til: